

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 07.03.2018

Sak nr.: 18/328-3

Internt l.nr. 11421/18

Sak: 19/18

Tittel: **Omfang av leveringspliktige posttenester, fråsegn**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at det kan vere behov for å endre på omfanget av leveringspliktige posttenester i Norge ut i frå eit økonomisk perspektiv. Økonomiske omsyn må likevel ikkje vere einaste grunn til å gjennomføre slike endringar.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikta og distribusjon av lokalavisene. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner det samla omsynet til folket sine behov må vege tungt når det gjeld eventuell endring i omfang av leveringspliktige posttenester i Noreg. Økonomiske omsyn må ikkje vere den einaste grunnen til å gjennomføre endringar. Sogn og Fjordane Fylkeskommune etterlyser fokus på å vilje gjere tenestene meir brukarvennlege og konkurransedyktige, i staden for over tid å ha negativt fokus på kva ein ynskjer å redusere i tenesta.
2. Sogn og Fjordane Fylkeskommune finn det heilt uakseptabelt at sendingar av småpakkar og spesielt sendingar av prøvemateriale frå legekontor og sending av medisinar til pasientar vert ytterlegare vanskeleggjort ved reduksjon i utleveringsdagar. Desse endringane må sjåast i samanheng med andre reduksjonar i posttenestene, slik som reduserte tider for postsortering. Dette har allereie ført til innskrenka mogelegheiter for kva dagar pasientar kan ta sendeprøvar for at prøvane ikkje skal bli for gamle til å bli analysert i laboratoria, og vi åtvarar sterkt mot å eskalere denne type vanskar for primærhelse- og omsorgstenesta.
3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner ulempene med framlegg til reduserte utleveringsdagar vil verte store, og kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikts-Noreg og alle som bur der. . Distribusjon av lokalaviser blir ekstra utfordrande for ein bransje som slit. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til ny setning i pkt. 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er svært viktig for distrikta å framleis ha postombering fem dagar i veka. Dersom det er stor innsparing på å skilje mellom tettbygd og spreiddbygt, utfrå kvar det er konkurrerande tenester, så kan ein prøve ut ulik ombering med fem dagar i distrikta og til dømes to i tettbygde strok.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til nytt pkt. 4

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at satsinga på utbygging av breiband vert styrka. Mange av dei områda som står i fare for å misse postombering kvar dag har ikkje ein tilfredstillande digital infrastruktur. Sogn og Fjordane Fylkeskommune kan ikkje akseptere at det vert kutta i postomberinga før ein kan vise til tilfredstillande digital infrastruktur i distrikta

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk ingen røyster.

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det samla omsynet til folket sine behov må vege tungt når det gjeld eventuell endring i omfang av leveringspliktige posttenester i Noreg. Økonomiske omsyn må ikkje vere den einaste grunnen til å gjennomføre endringar. Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser fokus på å vilje gjere tenestene meir brukarvennlege og konkurransedyktige, i staden for over tid å ha negativt fokus på kva ein ynskjer å redusere i tenesta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det heilt uakseptabelt at sendingar av småpakkar og spesielt sendingar av prøvemateriale frå legekontor og sending av medisinar til pasientar vert ytterlegare vanskeleggjort ved reduksjon i utleveringsdagar. Desse endringane må sjåast i samanheng med andre reduksjonar i posttenestene, slik som reduserte tider for postsortering. Dette har allereie ført til innskrenka mogelegheiter for kva dagar pasientar kan ta sendeprøvar for at prøvane ikkje skal bli for gamle til å bli analysert i laboratoria, og vi åtvarar sterkt mot å eskalere denne type vanskar for primærhelse- og omsorgstenesta.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner ulempene med framlegg til reduserte utleveringsdagar vil verte store, og kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikts-Noreg og alle som bur der. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er svært viktig for distrikta å framleis ha postombering fem dagar i veka. Dersom det er stor innsparing på å skilje mellom tettbygd og spreiddbygt, utfrå kvar det er konkurrerande tenester, så kan ein prøve ut ulik ombering med fem dagar i distrikta og til dømes to i tettbygde strok. Distribusjon av lokalaviser blir ekstra utfordrande for ein bransje som slit. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at satsinga på utbygging av breiband vert styrka. Mange av dei områda som står i fare for å misse postombering kvar dag har ikkje ein tilfredstillande digital infrastruktur. Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje akseptere at det vert kutta i postomberinga før ein kan vise til tilfredstillande digital infrastruktur i distrikta.